



Protokoll frå årsmøte i Volda - Ørsta Himmelseglarlag

Torsdag 22. februar 2018 på Tussatun i Hovdebygda

Årsmøtet vart opna av leiar kl. 19.15, med kommentar om at han er noko skuffa over frammøtet.

Sak 1: Godkjenne dei stemmeberettiga

VEDTAK: Alle dei åtte frammøtte er betalande medlemmer og stemmeberettiga på årsmøtet.

Sak 2: Godkjenne innkallinga

VEDTAK: Godkjent. Møtet er innkalla med e-post til kvar enkelt medlem og annonsert på heimesida. Ingen hadde innvending til måten møtet var innkalla.

Sak 3: Godkjenne saklista

VEDTAK: Saklista godkjent som framlagt med stryking av sak 4 og sak 14 i den utsendte lista.

Sak 4: Velge dirigent.

VEDTAK: Bjørn Berge foreslått og valgt. Han tek over vidare møteleiing.

Sak 5: Velge referent.

VEDTAK: Dag Brekke foreslått og valgt.

Sak 6: Velge to medlemmer til å underskrive protokollen

VEDTAK: Robert Sætre og Kåre Georg Myklebust foreslått og valgt.

Sak 7: Behandle lagets årsberetning

Øystein Sporstøl gjekk gjennom og presenterte styrets årsberetning. Det kom fram ønske om å få med litt meir info/statistikk om flyginga i laget, lik dei samanstillingane frå flightlog.org Kåre Georg hadde på medlemsmøte i fjor.

VEDTAK: Årsberetninga vart godkjent og ønske om statistikk vart støtta av årsmøtet.

Sak 8: Behandle lagets regnskap i revidert stand.

Kasserar Asbjørn Andersen presenterte eit godt rekneskap med overskot på over kr 30.000.

Rekneskapen speglar også den gode aktiviteten i laget i 2017.

Revisor Bjørn Berge la fram revisjonsberetninga. Ingen innvendigar og ros for ryddigheit og god dokumentasjon i rekneskapen.

VEDTAK: Den framlagde rekneskapen vert godkjent med revisors beretning. Begge vedlagt denne protokollen.

Sak 9: Innkjøp av elevutstyr

Foreslått av Robert Sætre, for å bruke i samanheng med kurs og prøvedagar. Det vart diskutert litt rundt betingelsar, med framlegg om at innkjøp må følgast opp av klare kontrakter mellom



laget og brukar, at det vert tatt eit depositum og at laget/styret utpeikar ein materialforvaltar som har ansvar for oppfølging og vedlikehald av utstyret.

VEDTAK: Årsmøtet støttar innkjøp av inntil to vingar med seletøy til kursbruk, for inntil kr 30 000, med betingelsane som diskutert og nevnt ovanfor.

Sak 10: Fastsette medlemskontingent

VEDTAK: Ingen endring frå i fjor, opprettheld kr 250,- pr år.

Sak 11: Orienterer om styrets aktivitetsplanplan for 2018

Dag Brekke gjekk gjennom planane for året slik det vart diskutert på siste styremøtet.

Følgande aktivitetar er ønska/planlagt:

- Nødsjermkast/materiellsjekk i Volda i midten av mars
- NC på Bondalseidet 20.-22. april
- Speedgliderkurs i påska, og kanskje eitt til seinare på året
- SIV-kurs i Dalsfjorden først i juni
- Nytt grunnkurs tidleg på sommaren
- Intensiv grunnkurs på Vågå midt i juli
- Klubbtreff for flyging på Vågå i bakkant av intensivkurset
- Sikkerheitshelg i Dalsfjorden seint i september
- Julebord 1. desember

VEDTAK: Planane vart godt mottat og TTE.

Sak 12: Vedta lagets budsjett for 2018

Kasserar la fram budsjett slik styret satte opp på siste styremøtet.

VEDTAK: Framlagte budsjett blei vedtatt med nokre få justeringar. Vedlagt denne protokollen.

Sak 13: Val av styre og vararepresentantar

Valgkomiteens leiar, Bjørn Berge, presenterte valkomiteens framlegg.

Leiar: Velgast for eitt år. Det låg føre to forslag til ny leiar, Kåre Georg Myklebust og Asbjørn Andersen. Det vert skrifteleg valg.

VEDTAK: Kåre Georg vart valgt med fem mot tre stemmer.

Nestleiar: Valkomiteens forslag: Kyrre Svanøy

VEDTAK: Einstemmig valgt for to år.

Kasserar: Valkomiteens forslag: Dag Brekke.

VEDTAK: Einstemmig valgt for eitt år.

Første styremedlem: Forslag på Asbjørn Andersen og Robert Sætre.

VEDTAK: Robert Sæter valgt med fem mot tre stemmer for eitt år.

To styremedlemar: Valkomiteens forslag: Helge Kvam Karbø, også som speedgliderkoordinator, for to år og Øystein Sporstøl for eitt år.

VEDTAK: Begge einstemmig valgt.

To varamedlemar: Valkomiteens forslag: Dagfinn Graneng, for eitt år, og Hugo Svanøy for to år.

VEDTAK: Begge einstemmig valgt.



Revisorar: Valkomiteens forslag: gjenvalg på Bjørn Berge, Alf Børre Otterdal og vara: Asbjørn Langstøyl.

VEDTAK: Einstemmig valgt.

Valkomite: Forslag om gjenvalg av Arne Jørgensen og Bjørn Berge.

VEDTAK: Einstemmig valgt.

Representantar til ting og fellesmøter.

VEDTAK: Styret får mynde til å oppnevne representantar.

Møtet avslutta med utdeling av «klubbkalendar» til alle frammøtte kl 20.45

Ført i pennen av

Dag Brekke
referent

Robert Sætre
sign

Kåre Georg Myklebeust
sign